

Jordleigeavtale

1 Utleigar (eigar)		fødselsnr.	
	adresse		tlf
	postnr./-stad		epost

2 Leigetakar		fødsels- el. org.nr.	
	adresse		tlf
	postnr./-stad		epost

3 Omfang og leigeavgift

Eigar leiger ut jordbruksarealet på desse eigedomane til leigetakar:

Eigedom:		gnr.:		bnr.:		kommune:		merknad:	
Eigedom:		gnr.:		bnr.:		kommune:		merknad:	

Areal, jf. landbruksregisteret	Årleg leigeavgift	
	dekar	pr. daa
fulldyrka jord		merknad
overflatedyrka jord		
innmarksbeite		
anna areal		
sum		

Leigeareala er innteikna på vedlagte kart ☐

Tillegg eller atterhald om areala

4 Leigeavgift

Samla årleg leigeavgift er kr		Skal leiga indeksregulerast?	
Forfallsdato kvart år er		Kva indeks skal brukast?	
Første forfall er		Kva er første år for regulering?	
Er det MVA i tillegg på leiga?		Kva år skal vere utgangspunkt for indeksen?	

Utleigar sender kvart år rekning på leigebeløpet. Utleigar kan ikkje krevje høgare leige som følgje av verdiauke som skuldast tiltak frå leigetakar.

5 Varigheit

Avtalen gjeld i år.

Første leigeår er

Leigetakar kan med eitt års varsel seie opp avtalen før leigetida er ute.

Andre vilkår om leigetid

6 Tilstand

Leigetakar overtar jord, gjerde og vegar i den stand som dei er når leigeavtalen trer i kraft. Når leigeavtalen vert avslutta, skal areala med vegar, gjerde, kalk- og ugrassituasjon leverast tilbake til eigar i like god stand som då avtalen vart inngått.

Partane kan saman sette opp tilstandsrapport, eller de kan haldast skjønnt av representantar som partane sjølve vel.

☐ Tilstandsrapport er vedlagt

Alle areal vert overtekne og leverte tilbake etter siste hausting om ikkje anna er avtalt i tilstandsrapporten under. Det skal opplysast om der er floghavre på eigedomen, og leigetakar pliktar å bekjempe floghavre uansett om det er eit kjent problem eller om det oppstår i leigeperioden.

☐ Det fins floghavre på eigedomen ved overtaking

☐ Det fins ikkje floghavre på eigedomen ved overtaking

☐ Leigetakar har fått kopi av jordprøver og siste års gjødselplan

Tilstandsopplysningar ved inngått avtale: Jordekantar, pH-tilstand, næringsinnhald i jorda, hydrotekniske anlegg og tilstanden til desse, ugrastilstand (kveke, tunrapp, rotugras):

--

7 **Bruk**

Leigeareala skal nyttast til jordbruksføremål og drivast på agronomisk forsvarleg måte. Dette betyr mellom anna at KSL-krava skal følgjast. For å drive dei areala som er omfatta av avtalen har leigetakar rett til å bruke eksisterande drifts- og transportvegar. Slitasje og skade som leigetakar som leigetakar påfører vegane må leigetakar utbetre.

Utleigar kan ikkje la slike vegar knytt til drifta av jorda forfalle.

Det er gjort særleg avtale om følgjande:

Alle offentlege tilskot som følgjer med bruk og drift av areala vil tilfalle leigetakar frå første driftsår.

8 **Investeringar**

For å kunne gjennomføre investeringar på leigearealet, til dømes fornying eller omfattande arbeid på grøftesystemet, på permanente gjerde, driftsvegar eller liknande, må leigetakar få løyve av eigaren. Det må skrivast ein særskilt avtale om tiltaket som avklarar kostnadsfordeling ellom partane. Som utgangspunkt for avtalen må det utarbeidast ein plan for tiltaket med skildring, kart og kostnadsoverslag. Oppreinsking av eksisterande kanalar og kummar for overflatevatn er å rekne som vedlikehald og er såleis ikkje omfatta av dette punktet.

9 **Framleige**

Framleige er ikkje lov utan samtykkje frå eigaren.

10 **Eigar-/brukarskifte**

Dersom eigaren dør eller sel egedomer, trer den nye eigaren inn i avtalen med dei same rettane og pliktene som den tidlegare eigaren. Ved brukarskifte på leigetakaren sin eigedom skal den nye brukaren ha rett til å tre inn i denne avtalen på same vilkår som den førre.

11 **Misleghald**

Vesentleg misleghald av denne avtalen gir partane rett til å krevje leigeforholdet heva.

12 **Tvist**

Tvist eller tvil om korleis denne avtalen skal forståast vert avgjort av ei valdgiftsnemnd samansett av tre personar. Kvar av partane skal oppnemne ein representant, og desse to oppnemner den tredje personen som leiar av nemnda. Dersom representantane ikkje blir samde om val av leiar, skal leiaren oppnemnast av sorenskrivaren eller herradsretten. Kostnadane med valdgifta skal fordelast av nemnda.

Før tvisten blir tatt til valdgift skal den leggjast fram for kommunen som kan prøve å mekle.

13 **Anna**

Partane oppbevarer kvart sitt eksemplar av denne avtalen. Eit tredje eksemplar, eventuelt ein kopi, skal sendast til kommunen.

Avtalen kan tinglysast. Tinglyskostnaden skal betalast av leigetakar.

14 **Andre forhold**

15 **Signaturar**

stad - dato	
eigar/utleigar	
medeigar/med- utleigar/ektefelle	

stad - dato	
leigetakar	
leigetakar	

